

UTSTILLINGSAVTALE mellom

Galleri Syningen – Ål kulturhus og utstillar **XXX** for perioden

24. oktober – 16. november 2015.

Montering av utstillinga: torsdag 22. oktober (og ved behov fredag 23. september).
Nedrigg av utstillinga: tysdag 17. november.
Utstillingsopning: kl. 13.30 laurdag 24. oktober

Ål kulturhus kan gjera endringar på datoar for utstillingsperiode og tidspunkt for utstillingsopning. Eventuelle endringar skal avtalast mellom utstillaren og Ål kulturhus seinast 14 dagar før utstillingsperioden startar.

OM GALLERI SYNINGEN

UTSTILLINGSLOKALET

Galleri Syningen er om lag 120 m² stort; sjå vedlagt skisse. Veggane er kvitmåla, og lokalet har rausta tak i søndre del. Galleriet er ein del av Ål kulturhus, eit fleirbrukshus som vart opna i november 1992. Vi har to amfisalar for kino, teater og konsertar; huset blir også brukt til kurs og seminar. I kulturhuset finn du Nesch-museet og Ål bibliotek, NRK Østafjells, Ål Turistinformasjon og festivalen Folkemusikkveka.

OPNINGSTIDER

Galleri Syningen er ope i kulturhusets opningstider: kvardagar kl. 08-16 og laurdagar kl. 12-14. Sundagar og på ettermiddags-/kveldstid er galleriet ope når det er kinovising og andre kulturarrangement.

INNGANG

Gratis inngang. Tilrettelagt for rullestolbrukar.

EVENTUELL SAMBRUK AV LOKALET PARALLELT MED UTSTILLINGA

Ål kulturhus kan bruke Galleri Syningen som møterom/selskapsrom ved behov.

FORSIKRING og FRAKT

Dei utstilte objekta er fullverdiforsikra så lenge dei er i galleriet. Kulturhuset har innbrotts- og brannalarm med direkte varsling til vaktentral.

Utstillar pliktar sjølv å frakte arbeida sine til Ål kulturhus, samt å frakte dei vekk så snart utstillinga er avslutta.

MONTERING

- ✓ Bilete o.l. blir festa på veggen med så små stiftar som er forsvarleg. Ein del kvitmåla soklar og 2-3 glasmontrar står også til disposisjon.
- ✓ Montering skal utførast av utstillar i samråd med kulturhuset og deira standard.
- ✓ Utstillaren kan ikkje gjer endringar, dersom kulturhuset har fått i oppdrag å montere utstillinga.
Pris for montering : kr. 450 pr. time (blir fakturert utstillaren i samband med oppgjør når utstillinga er avslutta).
- ✓ Nedrigg skal utførast av utstillar.

LAGER

Det er begrensa lagringsmoglegheiter knytt galleriet, og lagring av verk før/etter utstilling må avtalast seinast 14 dagar før montering/demontering.

MARKNADSFØRING

Seinast tre veker før utstillingsopning må utstillaren sende to-tre fotografi (pdf eller jpg-filer) av arbeid som blir vist på utstillinga til wenke.kolstad@aal.kommune.no. Fotografia blir brukt i annonse, elektronisk invitasjon, på Facebook, kulturhusets nettside og programhefte.

Annan nødvendig informasjon som CV og titlar/prisar på det som skal vera med i utstillinga, skal sendast til Galleri Syningen seinast 2 veker før utstillinga.

Ål kulturhus kostar og organiserer

- ✓ Ein annonse i lokalavisa Hallingdølen.
- ✓ Sender informasjon om utstillar en og utstillinga til avisredaksjonen. Det krev at utstillaren formulerer ein liten presentasjon av seg/kunsten.
- ✓ Sender elektronisk invitasjon *til om lag 100 personar*.
- ✓ Prislister til utstillinga.

UTSTILLINGSOPNING

Utstillaren er med på og seier nokre ord på opninga.
Utstillaren kostar reise og eventuell overnatting.

SALG OG PROVISJON

- ✓ Utstillaren betaler ikkje leige av galleriet.
- ✓ Galleri Syningen tek 25% provisjon av eventuelle salg.
- ✓ Galleri Syningen pliktar å kreve inn Kunstavgiften (5% tillegg i salgssummen for verk som kostar over 2.000 kroner).
- ✓ Galleri Syningen – Ål kulturhus organiserer alt salg på utstillinga, og salgsoppgjøret blir sendt seinast 30 dagar etter at utstillinga er avslutta.

Overfør oppgjøret til bankkontonr.:

NB – fyll ut!

Organisasjonsnummer:

Stad: Dato:

.....
for Galleri Syningen – Ål kulturhus

Stad: Dato:

.....
for utstillar